



**LOKALPOLITIKKEN**  
2015

**KOMMUNE- OG FYLKESTINGSVALET**  
2015



# Ønskjer å gjera ein forskjell

Miljøpartiet Dei Grøne (MDG) i Kvam meiner at tida er inne for å driva miljøpolitikk, men partiet er oppteke av å finna løysingar og ikkje berre seia nei.

**VILDE GRIMELID OPPEDAL**

**oppedal@hf.no**

– Det er viktig å ha eit miljøparti som tenkjer utanfor dei vanlege politiske båsane, seier førstekandidat for partiet, Kari Mostad.

Ho trur det at partiet er blokkavhengig kan gjera at folk er usikre på politikken.

– Me tenkjer ikkje høg- eller venstreside, men miljøpolitikk. Me tenkjer nytt, seier Mostad.

Sjølvselv melde ho seg inn i partiet etter at oljeboring i Lofoten kom på den politiske agendaen. Mostad bur på Soldal, men jobbar til dagleg i næringsavdelinga til Voss kommune. Snart skiftar ho beite og startar å jobba i landbruksavdelinga hos Fylkesmannen.

## – Må løysast no

Førstekandidaten er klar på at miljøutfordringane Noreg og verda står ovanfor må løysast no. Ho vil starta med å prøva å løysa dei lokalt.

– Ein kan finna løysingar på dette viss politikarane vil. Det er nasjonalt og internasjonalt ramme sett, men me må ta vår del lokalt. Eg tykkjer det er bra at også andre parti har byrja å tenkja meir grønt, seier Mostad.

MDG har ingen representantar i heradsstyret i dag, men Mostad er optimist for valet. Partiet stiller med 20 kandidatar på lista, der dei fire på topp er kumulerte.

– Då me dreiv valkamp lokalt til stortingsvalet i 2013 fekk me mykje positive tilbakemeldingar. MDG hentar stemmer frå alle andre parti, fortel Mostad.

Ifølgje Mostad var det svært viktig at MDG fekk ein stortingsrepresentant etter førre val.

– Partiet er tydeleg på at miljø kjem først. Etter at me fekk ei stemme i Stortinget har det endra retorikken der, og fleire parti har sett meir fokus på miljø, meiner Mostad.

Ho trur partiet har gode sjansar til å få inn ein representant i Kvam og, kanskje to om det gjer ein god valkamp.

– Me får ofte støtte frå yngre, miljøbevisste folk, men også frå eldre som er forferda over at for-

bruket er så høgt som det er no, fortel Mostad.

## Er motivert

Det gjekk litt tid før Mostad bestemte seg for å vera førstekandidat for partiet, men no er ho klar for å arbeida for Kvam i fire år.

– Eg hadde ikkje planar om å stå øvst på lista, men det var ikkje så lett å få folk til å stå som førstekandidat. Eg bestemte meg for å stilla på topp etter jul, seier Mostad.

Ho har vore interessert i miljøspørsmål lenge og har i fleire år engasjert seg gjennom Naturvernforbundet.

Partiet har dei fire øvste på lista kumulerte for å sikra at det er nokon som verkeleg har lyst å sitja i heradsstyret som eventuelt kjem inn.

– Alle me fire har lyst å vera med i politikken og er motiverte. Folk må vera klare til å vera politikar viss dei skal sitja i heradsstyret sidan det er mykje arbeid, seier Mostad.

Sjølvselv er ho svært motivert, og lét seg inspirera av at det no er ei grøn bølge både i Noreg og internasjonalt.

## Matjord og grøn utvikling

Dersom partiet får ein eller fleire representantar i heradsstyret, vil viktige politiske område vera grøn næringsutvikling, samferdsle, integrering og lokalsamfunn.

– Me kan ikkje gjera alt med alt, seier Mostad.

Partiet arbeider framleis med programmet, der alle dei 27 medlemene bidreg.

Personleg brenn Mostad ekstra for å sikra matjord og integrering.

– Flyktingane som kjem til Kvam skal kunna vera ein ressurs. Dei skal ikkje måtta ha livet sitt på Nav, seier Mostad.

I tillegg vil matproduksjon vera viktig framover og då gjeld det å ha gode strategiar for å sikra potensialet for matdyrking, meiner Mostad, som er utdanna sivilagronom ved Universitetet for miljø og biovitenskap på Ås (tidlegare Landbrukskøleskolen).

Ho brenn også for frivilligheit og engasjement i lokalsamfunnet.

– Dette er viktig for korleis Kvam er som kommune. Det er mykje politikk i korleis ein lever, seier Mostad.

## – Ikkje berre nei

Mostad påpeikar at sjølvselv om MDG vil vera i opposisjon til dei



**Motiverte:** Kari Mostad (t.v.), Heidi Richardson og Anders Christian Geertesens står på tre av dei fire kumulerte plassane til partiet. Dei er alle motiverte for å sitja i heradsstyret.

meir etablerte partia i ein del saker, vil det ikkje berre vera eit nei-parti.

– Eg håpar at me ikkje berre skal seia nei, men vera med å finna gode løysingar. Det er viktig å også kunna seia ja innan naturvern, understrekar ho.

Men Mostad er klar på at partiet til dømes ikkje kjem til å gå inn for store, nye vegprosjekt som legg opp til meir privatbilisme.

– Ein må vurdera trafikkgrunnlaget nøye for slike prosjekt, som til dømes tunnelprosjekta det er snakk om her i Kvam, seier Mostad.

I tillegg kjem MDG heller ikkje til å gå inn for å byggja nye kraftverk utan at det vert gjort noko for å få ned det totale energiforbruket.

Mostad trekkjer også fram oppdrettsnæringa som ei næring der det bør skje endringar for å gjera den meir miljøvennleg.

– Fiskeoppdrett er ein utruleg ressurs som vert handsama på ein korttenkt og lite miljøvennleg måte, seier Mostad.

## – Sjå felles interesser

Mostad håpar ein kan unngå bygdestrid og krangling mellom ulike delar av kommunen i framtida.

– Det er viktig å sjå Kvam under eitt og sjå kva me kan gjera for å utvikla kommunen. Det er ikkje slik at nokon vinn og nokon taper ut frå kvar i kommunen det skjer utvikling, seier Mostad.

Ho meiner Kvam bør utvikla tette lokalsamfunn der det er omsyn til både folk og natur.

På spørsmål om kva Mostad sjølvselv gjer for å leva mest mogleg grønt, er svaret at ho har ein kjøkenhage, høner og bier.

– Eg sykla mykje til jobb før og driv mykje med friluftsliv. No har det vore ein periode med pendling til Voss og dessverre mykje køyring, men det er veldig kjekt å

jobba på Voss så eg kan dessverre ikkje seia nei til det. Eg håpar det vert ein elbil på oss snart. Eg prøver å få familien med på det, seier Mostad med eit smil.

## MDG-LISTA I KVAM

Plass	Namn og adresse	Fødselsår
1.	<b>Kari Beate Mostad, Øystese</b>	<b>1965</b>
2.	<b>Anders Christian Geersten, Øystese</b>	<b>1978</b>
3.	<b>Henrik Hysing, Øystese</b>	<b>1980</b>
4.	<b>Heidi Richardson, Norheimsund</b>	<b>1966</b>
5.	Ingunn Udrum, Norheimsund	1977
6.	Otto Thillmann, Ålvik	1968
7.	Nicholas Arnold Christensen, Øystese	1950
8.	Natalia Antonia Golis, Øystese	1980
9.	Øyvinn Askeland, Tørvikbygd	1944
10.	Margith Skurtveit, Norheimsund	1965
11.	Hauke Thiesen, Norheimsund	1963
12.	Fabian den Otter, Øystese	1978
13.	Edmund Larsen, Norheimsund	1963
14.	Linda Lid, Strandebarne	1971
15.	Bjørn Lingener, Steinste	1977
16.	Devika Fossen, Norheimsund	1960
17.	Oddvar Soldal, Øystese	1949
18.	Kasper Krogh Hansen, Øystese	1972
19.	Åsmund Kristiansen, Øystese	1965
20.	Knut Njaa, Norheimsund	1967